



ALVER

K O M M U N E

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	28.08.2022 21:38:53
ReferanselD	ALV0039-1043151
Innsendar	
Innspel til <input type="checkbox"/> planprogrammet <input checked="" type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av <input checked="" type="checkbox"/> Privat person <input type="checkbox"/> Verksemd	
Privat person	
Namn Terje Hopland	
Adresse Seimsleitet 77	
Postnr/sted 5912 SEIM	
Mobil 95265891	
Epostadresse thop@broadpark.no	

Arealdelen

Generelle innspel til arealdelen

Generelle innspel

Egedsopplysningar (viss aktuelt)

Gards- og bruksnummer

171/3

Ønskja framtidig tiltak/arealføremål

Skildring

Endring frå offentleg føremål /LNF til bustadtomt

Eg ber om at arealet mellom Seim kyrkjegard og Hønsedalen vert endra frå offentleg føremål/LNF til bustadtomt, kfr vedlagte kartskisse.

Vi tenkjer å plassera 2 tomannsbustader i nedre del av arealet som er noko mindre bratt. Vi har byggjefirma som har sett på arealet og finn det godt eigna til bustader. Det er ikkje for bratt, det ligg vestvendt, det er tilrettelagt med vatn og kloakk innanfor arealet, det er kort gangavstand til skule, butikk, bussforbindelser, kyrkje, bedehus og grendahus. Likeeins er det fleire arbeidsplassar som

også ligg i gangavstand til arealet. Bustadene vert liggjande utanfor vernegrense for bygging nær kyrkjebygg. Bustadene ligga på kote 60 (ca) medan kyrkja ligg på kote 86 (ca). Høgdeforskjellen vil i seg sjølv verka skjermande for kyrkja og kyrkja vil ikkje verta innebygd som følge av evt bustader her.

Arealet er i dag innteikna som gravplass/urnelund, LNF og parkering. Slik det er innteikna gjev det inga meining lenger. Vi hadde ein gong ein avtale underteikna av oss om å selja dette til Lindås kommune, til gravplass. Dette vart endra då kommunen laga reguleringsplan for Seim Kyrkje, der utvidelse av kyrkjegard vart plassert på den beste plassen.

På eit tidspunkt kom arealet inn i kommuneplanen, avsett til grav- og urnelund. Vi syns det er rart at kommunen kan bandleggja arealet over så lang og ber om at de endrar dette til boligtomt i den nye kommuneplanen. Eg ber derfor igjen om at arealet vert omgjort til bustad.

Eventuelle vedlegg
Vedlegg
Fotomontasje Hønsedalen.jpg
Kartutsnitt Hønsedalen.pdf